

HYRDINGEN



NR. 5

Oktober 2016

ÅRGANG 58

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Motiv: Bjoa kyrkje

Sideoversikt:

Biskop Erling Pettersen går av	3
Ei spennande familiegudsteneste	3
Jubilantar	4
Min song	5

Bibelen – frå perm til perm	6
Sokneprest for Bjoa og Ølen	6
Trusopplæring	7
Fellesrådet på tur over fjorden.....	8

Frå kyrkjboka	9
Gudstenestene	10
Ny trusopplærar tilsett	10
Møter og kunngjeringar	11
Internasjonalt på Kyrkjetunet	12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje
Postboks 6, 5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Vikarprest Olav Kristian Tangeland
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41

Kontortid: Tysd:10-12, Torsd: 14.30-16
Fred: 10-12

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,
Pb. 6, 5574 Skjold.
Tlf. 53 65 57 94
Mobil: 932 45 645

jon.adnøy@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019
Prostiprest Eldbjørg Andreassen:
Mobil: 952 46 234

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:
Kari Synnøve Velde Haugen
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Grete Skeie Sørhus

Presten har ordet

Av sokneprest Jon Ådnøy



Lesa heile Bibelen?

I Vats, Skjold og Vikebygd skal me lesa heile Bibelen høgt ei veke i november. Me gjer det fordi Det norske Bibelselskapet blei stifta for 200 år sidan. Bibelen har påverka oss gjennom generasjon etter generasjon. Det gjeld på det religiøse planet. Men det gjeld og heile samfunnet, korleis me tenkjer, føler, oppfattar ting. Og mange talemåtar har me fått Bibelen, om me går ofte eller sjeldan i kyrkja.

Store og små skal lesa høgt frå Bibelen i Skjold kyrkje. Somme av lesarane har velbrukte biblar. Andre må blåsa støv av han før dei set i gang. Bibelen er til alle. Guds Ord er fellesarv.

Men det dukkar opp spørsmål som me må ta stilling til:

Passar det å setja ein 11-åring å lesa frå starten av 1. Krønikebok: Adam, Set, Kenan, Mahalalel, Jared; Henok Metusjalah, Lamek; Noah, Sem, Ham og Jafet. - Oppramsinga av namn held fram over ti sider. Det kan bli ei ørkenvandring: Turt og livlaust, eit slit å halda ut.

Eller: Er det klokt å be ein av våre nye landsmenn lesa Dommarane 12, 5-6: Gillead-mennene stengde vadestadene over Jordan for efraimittane. Kvar gong det kom ein efraimitt som hadde rømt, og ville sleppa over, spurde dei: «Er du frå Efraim?» Svara han nei, sa dei til han: «Sei sjibbolet!» Sa han då «sibbolet», fordi han ikkje kunne uttala ordet rett, greip dei han og drap han der

ved vadestadene over Jordan. Den gongen fall det over førtito tusen mann av Efraim.

Skulle ikkje Guds Ord vera oppbyggeleg? Kva gjer me med slikt som provoserer, som gjer oss forvirra?

Dei spurde fråhaldsfolket på Jæren om dei ikkje hadde lese at Jesus hadde gjort vatn til vin? (Johannes 2, 1-10) - Me veid det. Men me liga det ikkje, svara dei.

Det er freistande å setja ned ein komite. Som kunne markert kva avsnitt i Bibelen som passar til høgtsing, og kva som ikkje gjer det. Me skal ikkje gjera det. Men Bibelen skal alltid lesast «med Jesus som brillar». Kor vesentleg ulike deler av Bibelen er, eller kor mykje me skal akta på orda, kjem an på i kva grad dei peikar mot Kristus.

Til alle tider har det vore ting i Bibelen som ikkje sa folk noko, eller sa noko anna enn evangeliet. Guds openberring er overlevert gjennom menneske som var prega av tida dei var ein del av. Ein måtte leita, for å finna. Å tru på Bibelen fritek ingen frå det strevet det er å vera ansvarleg. Vandringa i Jesu fylgje har sjeldan vore utan utfordringar.

Djupast sett er det Jesus Kristus som er «Guds ord» til verda. Alt som betyr noko, har Gut sagt gjennom Sonen. Difor skal me gå til Bibelen med ønske om å sjå og skjøna, finna og tru.

«Eg er lyset i verda. Den som følger meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» (Johs 8, 12)

Avskjedsgudsteneste med Johan

Ølen kyrkje 30. okt kl 17.00:

Sokneprest Johannes Nedrelid sluttar som sokneprest i Ølen og Bjoa for å ta til som prest i Undheim sokn i Time.

Den 30 oktober kl 1700 blir det avskjedsgudstenste i Ølen kyrkje.

Gudstensta blir ved prost Rune S. Engedal og sokneprest Johannes Nedrelid.

Det blir ei gudstenste forma som «Ung Messe» 3 av fjarårskonfirmanterne, Joakim Hole, Benjamin Landro og Jakub Kamil Brezckowski har musikalske innslag. Det blir song av

Redaksjons-PENNEN



Av Steinar Skartland

Hausten representerer ei endring på mange måtar. Trea og naturen skifter farge, dagane blir kortare, men i kyrkjer og bedehus blømer det som best nå. Trusopplæringsarbeidet er i full gong att og folk samlast på bedehusa.

Nye kjem med i oppgåvene og vi presenterer litt av dette i kyrkjebladet denne gongen. Lokalt har Lilian Sønstabø Johanssen teke over som trusopplærar i fleire bygder. Vi ynskjer henne velkommen i tenesta. I november skal det tilsettast ny sokneprest for Ølen og Bjoa. Det er fleire søkerar så dette blir spennande. Takk Johannes, for mange år i ei god og aktiv teneste hos oss. Så skal Stavanger Bispedømme få ny biskop. Erling Pettersen legg ei av sine avskjedsgudstenester til Haugesund 2. des. Ei takk også for denne tenesta.

Om leiarar skifter, så er den lokale innsatsen viktig. Det kvar og ein gjer i si bygd er med og ber ordet om Frelsaren vidare til nye generasjoner. Ei særleg takk til deg som står i dette arbeidet.

Bladpengar

Kyrkjebladet Hyrdingen vert sendt ut til alle husstandar i Vindafjord. For å finansiera bladet er vi avhengig av at mange av dei som mottek bladet nyttar vårt kontonummer til bladpengar eller gāve til drifta. Vi minner igjen om bladet sitt kontonummer: 3201.53.18049

nes Nedrelid

«Kids of Joy». Der blir nattverd og bønevandring.

Som vanleg blir der takkoffer i gudstenesta. Etter gudstenesta inviterer soknerådet til kyrkjekaffi.

Biskop Erling Pettersen går av

Pressemelding frå Den norske kyrkja:

8. juni informerte Biskop Erling J. Pettersen staben ved bispedømmekontoret, prostane og det valde bispedømmerådet om at han går av ved oppnådd aldersgrense. I avskjedsbrevet til Kulturdepartementet skreiv biskopen mellom anna:

«Etter nærmere 25 år i topplederstillingar i Den norske kirke, siden 2009 som biskop i Stavanger bispedømme, ønsker jeg å gå av ved oppnådd aldersgrense, (f. 21.02.1950), og melder med dette min avgang fra 1. mars 2017.

Lederstillingene, de to siste som direktør i Kirkerådet og som biskop, har gitt meg rike erfaringer og budt på spennende og til dels krevende utfordringer.

Stavanger bispedømme har vært en god arbeidsplass, med en dedikert stab og et godt prostekollegium, og en frivillighet som har gitt stor inspirasjon i arbeidet.»



Det er nå klart at det blir avskjedsgudsteneste i Vår Frelsers kirke i Haugesund 2. desember og i Stavanger Domkirke 4. desember.

Arbeidet med å nominere kandidatar til ny biskop er starta og Bispedømmerådet har nominert 5 kandidatar i alfabetisk rekkefølge: Sokneprest Ivar Braut, prost Helge S. Gaard, prost Torstein Lalim, prorektor Bård Mæland og prost Sigrid Sigmundstad. Ny biskop blir offentliggjort etter Kirkemøtet den 9. desember.

Ei spennande familiegudsteneste

Av Steinar Skartland

Det kan vera spennande på ei familiegudsteneste saman med Jon prest. 18. september var det familiiane og borna som stod i sentrum. To born skulle døypast og familie-medlemmer fekk vera med og lesa tekstane. Fireåringane var spesielt inviterte. Tre born som hadde vore i kyrkja også laurdagen saman med Else Gurine Stople. Om nokon i bygda hadde høyrt kyrkjeklokken, så var det borna som fekk prøva dei, sa ho. I gudstenesta fekk borna barnebibelen og dei fekk lov til å stå heilt framme og syngja velsigninga saman med kyrkjelyden.

Jon Ådnøy hadde fått ein pakke, sjølv om han ikkje hadde fødselsdag. Kva det kunne vera inni? Dei heilt framme fekk lov til å lukta på pakken. Til slutt kom det fram refleksvest, ein

bøff og eit eple. Presten kledde på seg og meinte det nok var nokon som var glad i han og ville han det beste, som hadde laga pakken. Dette knytte han opp mot bibelteksten - om Gud som skapte verda og menneska, og kanskje hadde litt humor når forskjellige dyr vart skapte? Borna og dei vaksne fekk høyra om korleis Guds kjærleik er og kor glad han er i kvart menneske.

I tillegg til alt det kjekke så fekk alle dei 117 som var i kyrkja denne dagen gle seg over flott musikk på kyrkjeorgelet, der Arne Tveit hadde hand om tangentane. Imponerande kva han får ut av det gode kyrkjeorgelet vårt - og attpå til i form av songar som høver for born og familiar. Det var jammen verdt ein tur i kyrkja denne dagen, og saman kunne alle nyta sola og finvåret med kake og kaffi utanfor kyrkja etterpå.



Hjerteleg velkomne.

Jubilantar



60-årskonfirmantar i Ølen. Frå venstre: Dagrunn Ørke Rettedal, Astrid H Synnevåg, Ole Dag Østhus, Gerd Helene Haugland Rullestad, Margrete Berge, Håkon Opheim, Harald Sigmund Lunde, Gunnlaug Olava (Eide) Hamre, Solveig Dorthea Heggebø Velde, Aud (Våge) Sivertsen, Aud Nelly Haugen Goa, Sokneprest Johannes Nedrelid.



Gullkonfirmantar i Sandeid. Frå venstre: Helge Endresen, Andreas Helgevold, Solveig Eriksen f. Ørke og Nils Bakkedal. (Foto: H.E.)



Gullkonfirmantar i Imsland. Frå venstre: Bjarne Emil Torsteinbø, Liv Gulbrandsen f. Imsland, Liv Norunn Bakkedal f. Hustveit og Bodil Hustveit f. Åsland. (Foto: H.E.)

Gullkonfirmantar i Vikedal: Bak, frå venstre: Torgils Aarekol, Ola Bjørnsen, Torleif Eikje, Arne Lillemo, Steinar Holthe og Peder Øverland.

Framme, frå venstre: Bjørg Ågårdt Djuvik f. Stangeland og Anne Marie Fisketjøn f. Eikeland. (Foto: H.E.)



Min song

Av Marita Staurland, Imsland

"Gi meg Jesus" av David Andre Østby og Stig-Øyvind Blystad.

Denne songen hørde eg på sommergospel i sommar for første gong, og den har verkeleg sett seg på hjernen og i hjarta. Nydeleg tekst og fengande melodi. Eg likar veldig godt song og musikk, og så ofte eg kan, set eg meg ned ved pianoet og spellar og syng. I barndommen og i ungdomstida gjekk eg i kor, å synge om Jesus gir meg stor glede. I fjar haust starta eg eit barne og ungdomskor. Eg kunne også godt tenkt meg at det fantes eit vaksen kor å vera med i.

Eg er oppvaksen og har budd i Skjold, og eg har reist "verda rundt". I 2009 gifta eg meg med Ole Johan Staurland frå Ølmedal. Så nå driv me mjølkeproduksjon ilag og eg har ein halv stilling som reinhaldar i kommunen.

Gi meg Jesus

Hvem kan lyse opp min sti som en lykt for min fot
gjøre natten om til dag og gi meg nytt mot?
Hvem kan true vær og vind og stille hver storm
vandre støtt på opprørt hav
og gripe min hånd gripe min hånd?

Gi meg Jesus, bare Jesus
En uendelig kjærlighet ufattelig dyp og bred
Gi meg Jesus, bare Jesus
Ingen andre er lik deg Jesus

Hvem har villig gitt sitt liv for å dø på et kors?
Hvem har gitt meg ny verdi
ved å elske meg først elske meg først?

Du gav meg alt
All min skyld er betalt
Mine synder ble båret av deg
Ord blir for små
Hvem kan fullt ut forstå
hvilken godhet du øste på meg?

50 og 60 årskonfirmantar i Ølen Kyrkje 18.09.16

Søndag 18. september 2016 var dei som vart konfirmerte i Ølen kyrkje 18.05.1966 og 07.10.1956 inviterte til jubileumsmarkering i Ølen kyrkje av soknerådet. Konfirmantane vart presenterte for kyrkjelyden Blant

60årskonfirmantane var Aud (Våge) Sivertsen-dotter til sokneprest Våge, som konfirmerte dette kullet. Gullkonfirmantane hadde tre prestar i løpet av konfirmasjonstida. Dei begynte med Sokneprest Våge, vikar-

prest Øystese og vart konfirmerte av sokneprest Meling.

Etter gudstenesta var jubilantane samla til middag og drøs på Ølen gjestegar. Her vart mange gode minne tekne fram.

50-årskonfirmantar i Ølen: Frå venstre: Sokneprest Johannes Nedrelid, Torhild (Heggebø) Osnes, Marit Haugland Pedersen, Brit Rødne, Solveig Årekol Vestre, Målfrid Strand Berge, Hans Olai Steinsland, Gunvor Berge Dybdahl, Britt Bjørnevikt Krakk, Liv Berit Lid, Bernt Thorvald Berntsen, Karl Einar Tvedt.



Kom og høyr Bibelen – frå perm til perm

Av. Jon Aadnøy

Ingen får vel med seg alt, men snart har du sjansen til å høyra iallfall deler av Bibelen lesen høgt: Det skjer frå 8. til 13. november, i Skjold kyrkje, frå tidleg morgen til seine kvelden. Og eit par netter med. Andre stader i bygget kan du oppleva utstillingar med Bibelen som tema (eit par av dei passar spesielt for born – gjerne i fylgje med vaksne). Du kan få deg litt å bita i, og sjansen til å treffa kjende og ukjende.

Sokneråda i Vats, Skjold og Vikebygd står bak «Bibelmaraton»
Gamle og unge, flesteparten frå dei tre bygdene, står for lesinga. Somme tider blir det mykje folk som lyttar, andre tider få. Det meste blir lese på norsk, og noko av menneske blant oss som har andre morsmål. I alle fall kan dei som vil fylgja med i biblar (på norsk) som ligg i kyrkja. I kveldinga kvar dag blir det ein times pause i lesinga. Då blir det program, for eksempel songar med tekst frå Bibelen, lokale menneske som presenterer eit avsnitt i Bibelen dei set særleg pris på, og Bibel-quiz. Bibelmaraton er ei feiring av at Det norske Bibelskapet fyller 200 år. Då det blei grunnlagt, to år etter 1814, var det eit steg på veg mot å byggja seg opp som eit sjølvstendig og fullverdig land. Bibelen var – og er – ein avgjerande faktor for einskildmenneske og for samfunnet.

Kryssing av Sivsjøen tysdag kl 20.15
90 timer skal me bruka på å lesa Bi-

belen. Lesinga startar tysdag klokka 16, etter at utstillingar er offisielt opna 15.30. Siste ord frå Nytestamentet lyder søndag klokka 21.

**Bibelen er breiddfull av forteljingar.
Her er nokre av dei:**

Adam innser at han er naken tysdag 16.10.

Noahs ark flyt på Storflaumen tysdag 16.25.

Josef blir kasta i den turre brønnen av brørne sine onsdag 9.55.

Med Herrens hjelp vinn israelittane over Jeriko med bukkehorn onsdag 18.30.

David drep Goliat med stein kasta frå slynge torsdag 8.15.

Tempelet blir gjenreist torsdag 21.50.

Salmen «Herren er min hyrding» blir å høyra fredag 11.30.

Jesaja lovar at Herrens dom skal råka folket, men ein rest skal venda om fredag 23.55.

Daniel blir kasta i løvehola, men Herren bergar han laurdag 14.30.

Jona blir slukt av ein stor fisk laurdag 17.10.

Jesus blir født søndag 01.55.

Jesus vaskar føtene på disiplane søndag 5.45.

Paulus slår fast at «størst av dei er kjærleiken» søndag 10.59.

Johannes ser «ein ny himmel og ei ny jord» søndag 20.55.

**Her er klokkesletta – og kor langt
me er komne:**

Tysdag 16 – 21: Frå 1. Mosebok 1 til 2. Mosebok 24. Opning kl. 15.30.

Onsdag 9 – 24: Frå 2. Mosebok 25 til 1. Samuelsbok 14. «Mitt bibelvers» kl. 19.

Torsdag 8 – 24: Frå 1. Samuelsbok 15 til Esters bok. Program kl. 19.

Fredag 8 – 24: Frå Jobs bok 1 til Jesaja 10. Songar med tekst frå Bibelen kl. 19.

Laurdag 00 – 24: Frå Jesaja 11 til Markus 2.

Bibel-quiz med pizza kl. 18.

Søndag 00 – 21: Frå Markus 3 til Johannes' openberring. Gudsste-neste kl. 17.

Har du barnebibel?

Ei utstilling skal visa illustrerte biblar og bibelforteljingar for born. Me veit det finst mange variantar. Har du noko me kunne låna? Også eldre utgåver er interessante. I tilfelle: Merk boka tydeleg med namn og telefonnummer, og lever til presten, eller til Kyrkjekontoret i Skjold.

Har du «vaksenbibel»?

Me treng og vanlege biblar i ulike utgåver. Nyare og eldre utgåver på norsk, og gjerne biblar frå andre språk og kulturar. Me vil gjerne ha «historia» til eksemplaret (for eksempel «dette Nytestamentet sende bestemor med meg første gongen eg reiste til sjøs», eller «denne Bibelen på swahili har eg fått av tanta mi, som var misjonær i Kenya»).

Spørsmål? Prøv jon.adnøy@vindafjord.kommune.no, eller sokneprest Jon Ådnøy 9324 5645.

Sokneprest for Bjoa og Ølen

Sokneprest Johannes Nedrelid sluttar nå i tenesta som sokneprest i Vindafjord (Ølen og Bjoa sokn). Stillinga er lyst ut og prost Rune Steensnæs Engedal informerer om fylgjande:

Utlýsing og tilsetting

Søknadsfristen var 05. oktober. Soknerådet vil i slutten av månaden komme med sitt innspel. Innstil-

lingsrådet (som vert leia av prosten) samanheld soknerådet sitt vedtak med intervju av aktuelle kandidatar og referansar, og gir deretter sin innstilling til bispedømmerådet. Vi tar sikte på at tilsetting til skje på møtet i bispedømmerådet den 5. nov. (Det er forøvrig på dette møtet det er lagt opp til at innstilling av ny biskop også vil komme.)

Vikarprest

-I haust har vi Olav Kristian Tangeland inne som prostiprest, og han vil i første omgang vikariere i prostiet (mest i Ølen og Bjoa) ut året. Vi håpar at ny sokneprest vil kunne tiltre så snart som mulig, men for ein del arbeidstakrar er det som kjent tre månaders oppsæringstid. Vi håpar å kunne ha Tangeland som vikar fram til den nye soknepresten er på plass.



Mål for trusopplæringa VEGEN, SANNINGA OG LIVET

ME YNSKJER at alle døpte born frå 0-18 år i kyrkjelydane i Vindafjord skal få kjennskap til og kunnskap om den treeinige Gud som dei er døpte til og hører til.

ME VIL fylgja dei på VEGEN gjennom oppveksten.

ME VIL snakka sant om Gud, om livet og om dei sjølv.

ME VIL gi dei livsmeistring og livsmot til å gå framtida i møte.

ME VIL byggja bruer på livsVEGEN, mellom jord og himmel, mellom generasjonane, mellom bygdene i Vindafjord, mellom kyrkje og organisasjonar, mellom familiar med ulike bakgrunnar, mellom kyrkjelydar og lokalsamfunn, mellom menneske og Gud slik Den Store Fortellinga i

Bibelen gjer det.

ME VIL la dei møta SANNINGA om livet, om dei sjølv, om Gud si omsorg og frelsarplan, om kvarandre, om utfordringar og gleder slik Bibelen skildrar og me erfarer .

ME VIL hjelpe dei i LIVET til å femna det store og ufattelege, det nære og kjære, det mystiske og fantastiske, det vonde og vanskelege, det lokale og verdsvide, det jordiske og Guddommelege slik Bibelen møter oss i alle livsfasar og situasjonar.

ME VIL la dei få erfara korleis Den treeinige Gud er aktivt til stades i alt og alle.

ME VIL la dei få oppleva korleis JESUS ER VEGEN, SANNINGA OG LIVET, i går, i dag og til evig tid.

VEGEN

Vegen til kyrkja. Vegen i det nære. Vegen vidare

SANNINGA

Sanninga om Guds møte med meg. Sanninga om Guds møte med dei andre rundt meg. Sanninga om Guds møte med framtida.

LIVET

Livet frå Skaparen. Livet med Jesus som Frelsar. Livet vidare med Den Heilage Ande som fylgjesven og kraftkjelde.

Trusopplæringsplanen – Kva er no det?

Av: Britt Karstensen

Trusopplæring er så mangt og skjer på så mange plassar, både i kyrkjene, på bedehusa og andre forsamlingslokaler - og ikkje minst i heimane. Å lage ein plan for dette høyres kanskje både ambisiøst og ganske sprøtt ut, og nokre vil nok også bli litt provoserte over tanken om at «alt skal inn i ein plan..!» Men ALT skal ikkje inn i ein plan – ein skal framleis la trua og trusopplæringa få leve og utvikle seg på mange ulike frontar i takt med personlege behov og Guds gode leiing.

«TRUSOPPLÆRINGSPLANEN» dekkjer såleis ikkje all opplæring i den kristne trua i folks liv, men kyrkja har fått eit spesielt oppdrag med å undervise om og til tru på ein systematisk og målretta måte for alle døpte frå 0-18 år. Dette erstatter denne type undervisning som skulen før hadde ansvar

for, og kyrkja får såleis øyremerka midler frå staten til hjelp i gjennomføringa av akkurat denne oppgåva. Og då må me ha ein plan – akkurat som alle barnehagar og skular har planar for læringsmål o.l.

I Vindafjord har nokre tilsette i samarbeid med ulike råd og komitear dei siste par åra jobba med slike planar – kvar kyrkjelyd skal ha sin eigen plan med lokal forankring- og i august blei planane våre godkjend av biskopen. Det vil seie at me no dei neste åra skal starte opp og prøve ut masse av det me har planlagt, så får me heller endre undervegs dersom me finn ut at ting ikkje fungerer slik me ynskjer. Ein del ting er oppe og går allereie m.a. konfirmantundervisning, Lys Vaken og leir for 5.kl, Skattejakt for 1.kl, 4-årsamlingar, Babysong m.m. I Hyrdingen får med drypp frå dette arbeidet rett som det er. Nokre ting har me fellest for heile Vindafjord, andre ting er

berre for ein eller nokre få kyrkjelydar. Planane vil danne grunnlag for masse flott arbeid i kyrkjelydane framover der me legg vekt på samarbeid på kryss og tvers. Her må frivillige og tilsette jobbe i lag om me skal få til noko.

Hovudmålet for denne systematiske Trusopplæringa er felles for heile Vindafjord og er bygd rundt kjerneteksten i Joh 14,6 der Jesus seier at Han er VEGEN, SANNINGA og LIVET. Me har satt oss store mål, men me har ein endå større Gud! Om du er interessert i å få kopi av heile eller delar av planane (det er snakk om 70-80 sider per kyrkjelyd!) så ta kontakt med kyrkjekontoret så skal me ordne det.

Me ser fram til mykje god aktivitet på denne fronten i åra som kjem – følg gjerne med på Facebook – Trusopplæring Vindafjord. Flott om mange kan lyfte arbeidet fram i bøn – då kan me få til det utrulege!



Lars Eirik Tjedflåt ga grundig innføring i kyrkja si historie.

Fellesrådet på tur over fjorden

Av: Steinar Skartland

Ein gong i året inviterer sokneprest Harald Eintveit Fellesrådet for kyrkjene til å halda møtet sitt på garden Eintveit, der han har heimstaden sin. Slik vart det også den 30. august i år. Garden ligg på nordsida av, eller "hi sio" av Åkrafjorden, og då treng ein skyssbåt.

Denne gongen gjekk båten først ut over fjorden, og ei vitjing i Åkra kyrkje var på programmet. Her vart det både andakt som Harald stod for, og ei god og grundig historiefortelling av lærar Lars Eirik Tjedflåt. Han tok for seg den spanande kyrkjhistoria på Åkra før reisefylgjet takka for seg og drog vidare med båten "Stein Viking" til kaien på Eintveit.

Vel oppe i stova stilte presten opp både med grundig innføring i historia til Eintveit-garden og den veglause grenda her, og god middag, før sakslista vart handsama. På den stod m.a. budsjett, økonomiplan og plan for fellesmøte mellom sokneråd og fellesråd.

Oppussing av bedehusa i Skjold



Frå arbeidet på Ersland bedehus

Av: Trygve Sandvik m.fl.

Både på Ersland bedehus og på Austrheim bedehus har det dette året føregått omfattande vedlikeholds- og oppussingsarbeid.

eit par-tre karar seg av muligheten til å mala to sider av huset, fortel Randi og rettar takk til Tveit Rekneskap som vil spandera nye bokstavar frampå fasaden. Huset fekk i fjor også nytt toalett og varmtvasstank.

-På Ersland bedehus blei det gamle taket plukka ned av ein effektiv dugnadsgjeng ein lørdag i mai, fortel Randi B Dagsland. Harald Dagsland tok jobben med å legge nytt tak med Decra takpanner, og fiksa litt råte i same slengen. Medan stillaset likevel stod oppe, nytta

-I Austreimsbygda har me bytta kleddning og malt store deler av bedehuset i sommar, fortel Endre Stople..

- Det var nødvendig, for det meste av kleddningen har stått sidan huset var nytt på 50-talet. Arbeidet er gjort på dugnad, og mange i bygda har deltatt med arbeid og utstyr.

Mot folkak Aks av gull • Gnist • Julelegender • Stjernenatt
•Munnkunst • songkunst og fortælkunst
Bygdebader, ferding, fest &...

KJELL INGE
TØRGERSEN
MED ARIL SCHØLD

KONSERT // 27.10. // kl. 19.30
SKJOLD KYRKJE

Billettar: 200,-
Kjøpast hos • Frøken Fryd Kafé og Interiør • Joker Vikabygd • eller ved inngangen.

LYTT PÅ MUSIKKEN • LES OMTALE: www.kjellingetorgersen.no

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)



Vi er en del av NLMvgs



Vi er en del av NLMvgs



Knaphus 
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus 
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 
SR-BANK 1



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

 **Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap

og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:

93 21 66 79 / 52 75 88 60



Ny trusopplærar tilsett

Av: Steinar Skartland

Kyrkja i Vindafjord har siste året hatt tre trusopplærarar i tillegg til kateket og prestar. I sommar valde Lillian Eikeland og Else Gurine Stople å slutta i denne tenesta. Kvar hadde 20% stilling. Frå i haust av har Fellesrådet i samarbeid med Fellesutvalet for Trusopplærering (FUT) tilsett Lillian Sønstabø Johanssen i 40% stilling. Berit Stople held fram som trusopplærar i 25% stilling.

Lillian Sønstabø Johanssen er 43 år og utdanna sjukepleiar med vidareutdanning som helseyster. Ho bur i Tysvær, er gift og har fire barn i alderen 9 - 24 år.

- Eg brenn for barn og familien deira, barns oppvekst, og borna si tru, fortel Lillian.

- Noko av det aller viktigaste for meg er å få formidla Jesu kjærleik til borna. Eg ønskjer at dei skal få kjenna seg trygge og unike, og at dei opplever at Jesus elskar dei.

Ho har på fritida vore engasjert i barnearbeid innan Misjonsforbundet og m.a. vore leiar i søndagsskulle og fleire andre former for kristent barnearbeid.

Vi ynskjer henne og kyrkjelydane lukke til med trusopplæringsarbeidet i Vindafjord, der ho særleg vil ha oppgåva i bygdene Vats, Skjold, Vikebygd, Sandeid, Vikedal og Imsland.



VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
23.okt.	11.00	Imsland	Familiemesse. Nattverd. Mi kyrkjebok. Takkoffer til trusopplæringa i Imsland.
23.s.i treeiningstida	11.00	Vats	Gudsteneste. Nattverd. Mi kyrkjebok. Takkoffer.
Matt 24, 35 - 44	16.00	Ølen	Gudsteneste. Takkoffer
30.okt.	11.00	Vikedal	Bønegudst. Takkoffer til diakoniarbeidet. Konfirmantane møter.
Bots- og bønedag	11.00	Vikebygd	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer.
Luk 15, 11 – 32			
06.nov.	11.00	Sandeid	Allehelgensgudst. Nattverd. Takkoffer til diakoniarbeidet. Konfirm. møter.
Helgemesse	11.00	Bjoa	Gudsteneste. Takkoffer
Luk. 6, 20-23	11.00	Skjold	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer Kirkens nødhjelp.
	17.00	Vats	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer Nytt bedehus i Vats.
13.nov.	11.00	Imsland	Høgmesse. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Sambolabo.
26.s.i treeiningstida	11.00	Ølen	Gudsteneste. Takkoffer.
Luk. 13, 10-17	17.00	Skjold	G – 17. Nattverd. Takkoffer til Stefanusalliansen.
20. nov.	11.00	Vikedal	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Norsk Gideon.
Domssu/Kristi k.	11.00	Vats	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Normisjon.
Joh. 9, 39-41			
27. nov.	17.00	Sandeid	Lysmesse. Takkoffer til konfirmantarbeidet. Konfirmantane møter.
1.s. i advent	11.00	Skjold	Familiegudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Matt.21, 1-11	11.00	Ølen	Gudsteneste. Takkoffer.
	16.00	Bjoa	Gudsteneste. Takkoffer.
04. des.	17.00	Imsland	Lysmesse. Takkoffer til diakoniarbeidet.
2.s.i advent	17.00	Vikebygd	Gudsteneste. Takkoffer til Norges K/M-speidere
Joh. 14, 1-4			

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

FRÅ KYRKJEBOKA

IMSLAND

Døde:

28.09 Karen Skibevåg f. 1930

Døypte:

11.09 Selma Ilstad

VIKEDAL

Døde:

04.06 Tora Moberg f. 1918

08.09 Jakob Moe Matre f. 1957

29.09 Rasmus Fatland f. 1926

Døypte:

28.08 Viljar Skjefstad Hårajuvet.

18.09 Ylva Grimås.

SANDEID

Døde:

13.08 Astrid Elisabet Bjelland f. 1939

17.08 Arne Georg Hustveit f. 1942

02.09 Kristine Furseth f. 1930

Døypte:

14.08 Daniel Kambe Johansson

25.09 Leo Bjelland

25.09 Ola Matre Helgevold

25.09 Stella Rørheim

SKJOLD

Døde:

30.08 Osloaug Håkull f. 1950

Døypte:

11.09 Leander Einem Heggen

25.09 Alva Haraldseid

25.09 Elin Haraldseid

VATS

Døde:

14.08 Aslak Randulf Aarhus f. 1928

25.08 Selmer Nesheim f. 1922

BJOA

Døde:

03.09 Magne Matre Bauge f. 1944

23.09 Valgjerd Steinsland f. 1922

VIKEBYGD

Døde:

21.09 Knut Arne Skartland f. 1943

Døypte:

18.09 Oliver Høyland Larsen

ØLEN

Døde:

17.08 Leiv Tvedt f. 1926

05.09 Bellest Peder Nerheim f. 1930

Døypte:

04.09 Ella Hustveit

04.09 William Miljeteig

18.09 Karoline Klungtveit-Andersen

09.10 Tiril Berge Opheim

09.10 Even Tungesvik Helgeland

Andaktstelefonen
380 91 700

Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten
er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med
når livet er som verst

SOS-Chat: www.soschat.no

SOS-melding: www.kirkens-sos.no

 Kirkens SOS
815 33 300

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 8. desember.
Frist for levering av stoff er
12. november.

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Vågen bedehus

22.10.	lørdag	20:00	Loftet
25.10.	tirsdag	17:30	Jentelaget og gutelaget
26.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
30.10.	søndag	11:00	Søndagsskule
30.10.	søndag	13:00	Søndags-aktiviteten
31.10.	mandag	20:00	Laget
1.11.	tirsdag	18:00	Yngres
2.11.	onsdag	19:30	Møte, NLM
3.11.	torsdag	19:30	Møte, NLM
4.11.	fredag	19:30	Møte, NLM
5.11.	lørdag	18:00	Generasjonssamling, NLM
5.11.	lørdag	20:00	Loftet
6.11.	søndag	19:30	Søndagsmøte, NLM
8.11.	tirsdag	17:30	Jentelaget og gutelaget
9.11.	onsdag	19:30	Bønnemøte
13.11.	søndag	11:00	Søndagsskule
13.11.	søndag	19:30	Søndagsmøte. Talar: Arne Borgemyr
14.11.	mandag	20:00	Laget
15.11.	tirsdag	18:00	Yngres
16.11.	onsdag	19:30	Bønnemøte
19.11.	lørdag	20:00	Loftet
20.11.	søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM
22.11.	tirsdag	17:30	Jentelaget og gutelaget
23.11.	onsdag	19:30	Bønnemøte
26.11.	lørdag	11:00	Julemesse
27.11.	søndag	11:00	Søndagsskule
27.11.	søndag	19:30	Søndagsmøte. Talar: Håvard Brekkå
28.11.	mandag	20:00	Laget
29.11.	tirsdag	18:00	Yngres
30.11.	onsdag	19:30	Bønnemøte
3.12.	lørdag	11:00	Bokmesse, IMS
3.12.	lørdag	20:00	Loftet
4.12.	søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM
6.12.	tirsdag	17:30	Jentelaget og gutelaget
7.12.	onsdag	19:30	Bønnemøte
11.12.	søndag	11:00	Søndagsskule
11.12.	søndag	13:00	Søndags-aktiviteten

Øvre Vats bedehus

17.11. Tirsdag 19:30 Påfyll

Austerheimsbygda bedehus

24.10.	måndag	16-20	Innsamling klede til Open Heart Ukraina
27.10.	torsdag	19:00	Møte med Halvard Hasseløy, Open Heart

Sandeid bedehus

24.10.	måndag	19:00	Fellessamling - Møte
31.10.	måndag	19:00	Bønnemøte
7.11.	måndag	19:00	Bønnemøte
9.11.	onsdag	18:00	BASAR
14.11.	måndag	19:00	Bønnemøte
21.11.	måndag	19:00	Fellessamling - Møte
28.11.	måndag	19:00	Bønnemøte
5.12.	måndag	19:00	Bønnemøte
12.12.	måndag	19:00	Bønnemøte

Vikebygd bedehus

26.10.	onsdag	15:00-18:00	Inns. klede til Open Heart Ukraina
27.10.	torsdag	15:00-18:00	Inns. klede til Open Heart Ukraina
24.11.	torsdag	19:00	Filmkveld

Vikebygd Laurdagsklubb

Annankvar laurdag klokka 15:30 - 17:00, sjå plakat på bedehuset

Kyrkjeturnet i Ølen - www.kyrkjeturnet.no

20.10.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
21.10.	fredag	18:00	Klubb
26.10.	onsdag	18:00	Damenes aften
27.10.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
30.10.	søndag	19:30	Søndagsm.Innde Sjø. Georg Kallevåg.
3.11.	torsdag	11:00	Torsdagstreff
3.11.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
3.11.	torsdag	19:00	Fellesforum
4.11.	fredag	18:00	Klubb
5.11.	laurdag		Misjonsmesse
6.11.	søndag	11:00	Show it
10.11.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
11.11.	fredag	19:30	Bønne- og lovsangskveld. Felleskap på tvers.
13.11.	søndag	19:30	Søndagsmøte. Normisjon. Roar Flacke
17.11.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar

18.11. fredag 18:00 Klubb

20.11. søndag 12:00 Møte. KFUM.

24.11. torsdag 17:30 Samling for innvandrarar

Innbjoa bedehus

26.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
02.11.	onsdag	17:30-19:00	Mini-Credo
02.11.	onsdag	19:30	Bønnemøte
09.11.	onsdag	19:30	Onsdagsmøte/Filmkveld
16.11.	onsdag	17:30-19:00	Mini-Credo
16.11.	onsdag	19:30	Bønnemøte
23.11.	onsdag	19:30	Bønnemøte
30.11.	onsdag	17:30-19:00	Mini-Credo
30.11.	onsdag	19:30	Onsdagsmøte
07.12.	onsdag	17:30-19:00	Mini-Credo
11.12.	søndag	17:00	Søndagsmøte

FamilieKRIK Skjold

6.11. søndag 16:00-18:00 i Skjold Arena.
Ta med innegymsko og drikkeflaske.

Bedehusa i Skjold

20.10.	torsdag		Ersland. Bønemøte
24.10.	måndag		Austrheim. Innsamling Ukraina.
25.10.	tysdag		Ersland. Ev.Orientmisjon. BE-gjengen.
27.10.	torsdag		Austrheim. Halvar Hasseløy - Ukraina
29.10.	laurdag	12:00	Ersland. Bedehusbasar - Graut.
1.11.	tysdag		Austrheim. Indre Sjø. Temakveld
3.11.	torsdag		Ersland. Bønemøte
8.11.	tysdag		Isvik. Norsk Gideon
15.11.	tysdag		Ersland. Kristen Muslimmisjon
17.11.	torsdag		Ersland. Bønemøte
18.11.	fredag	19:00	Isvik. Misjonsmesse - fest
19.11.	laurdag	11:00	Isvik. Misjonsmesse
22.11.	tysdag		Austrheim. NMS Misjonsselskap
25.11.	fredag	18:30	Austrheim. Grautfest
29.11.	tysdag		Isvik. NLM Misjonssamband
1.12.	torsdag		Ersland. Bønemøte
4.12.	sundag	10:00	Ersland. Søndagsskulefrukost

Bedehusa i Vats

Haustmarknad i VATS m/ loppesal og auksjon. Laurd 22.okt. kl. 12:00 i Vindafjordhallen. Auksjonen startar ca. kl. 14:00 I tillegg til lopper vert det sal av fine heimelaga ting, nysteikte potekaker m.m. Kafé, Åresal og Lykkehul Velkommen! Har du lopper, ta kontakt med Karin Koltveit 994 45 694 eller Yngve Stødle 996 19 427 Arr.: Vats bedehus/soknehus-foreining

Vikedal bedehus

Basar/Julemesse som me skal ha på Vikedal Bedehus. Laurdag 5. november, kl.14. Talar: Jens Tveit Kl.15.oo / Song og musikk av Ekteparet Ulvang,Tysvær

Innsamling av klede til Ukraina

Open Heart si årlege innsamlinga av brukte klede blir organisert slik: Austerheimsbygda bedehus måndag 24. oktober kl. 16.00 – 20.00. Øvre Vats bedehus tysdag 25. oktober kl. 13.00 – 20.00. Vikebygd bedehus onsdag 26. oktober og torsdag 27. oktober. Begge dagar kl. 15.00 – 18.00

Torsdag 27. oktober kl. 19.00 blir det møte på Austerheimsbygda bedehus der Halvard Hasseløy vil orientera om arbeidet Open Heart driv i Ukraina. Det blir mat og kaffi, andakt og kollekt.

Misjonsmesse for Skjold og Vats vert dette året fredag 18.nov. og lørdag 19.nov. på ISVIK bedehus.

Fredag 18.nov. kl. 19:00, fest.

Tale av prost Rune Steensnæs Engedal, og song av Betel musikklag. Matøkt, Åresalg og loddssalg.

Lørdag 19.nov.: Familiemøte kl. 11:30 v/ Astrid Rossebø. Song av Skjold barnekor. Salg av nysteikte potekaker, andre bakarvarer, handarbeid, m.m. Kafe med salg av graut, kaker og kaffi. Åreslag og loddssalg. Vel møtt til liten og stor frå alle bygdene våre!



Khaleda frå Aleppo i Syria saman med elevar frå Lundeneset.



Jenter frå Eritrea



Ved biljardbordet.

Internasjonalt på Kyrkjetunet

Av: Øivind Jønsson

Tysdagar kl. 18.30-19.30 møtes folk frå mange land og kulturar på Kyrkjetunet i Ølen. Det er unge og eldre frå land som Nepal, Syria, Somalia og Eritrea. Dei fleste kom hit til landet som flyktningar. Nokre er kristne, andre hinduar eller muslimar. Og så møter dei unge og eldre frå bygdene her omkring.

Kva gjer dei på desse torsdags-treffa? Litt å bita i høyrer med. Nokre

born finn leiker å kosa seg med. Bordtennis tiltrekker seg ungdommar, og ein del av mennene samlar seg kring biljardbordet. Men det viktigaste er å få snakke saman på norsk. Fleire fortel om familien sin, flyktningruter og korleis dei kom til Norge. Ei av dei er Mehret frå Eritrea. Ho er katolikk. Med seg til torsdagstreffet har ho tre av dei fire døtrene sine på 7, 5 og 4 år. Den yngste er 8 månader. Flukt ruta frå Eritrea går gjerne over Sudan og vidare til Libya.

Lachhti Maya kjem opprinnleig frå

Bhutan. Ho var 21 år i flyktningleir i Nepal før ho kom til Norge. Telefonkontakt med slektingar i Bhutan er kostbart, og så har dei så mykje å fortelje kvarandre.

Blant muslimane er det tydelege skilnader i korleis dei kler seg. Khaleda frå Aleppo i Syria går på Ølen vgs. Ho har ikkje noko på hovudet, men det har Shansa frå Somalia.

Flott med alle dei som på ein eller annan måte er med og bidrar til denne nyttige og populære møteplassen.



Lachhi Maya frå Bhutan og Solveig Haugen.



Ungdommar frå Eritrea.



Shansa frå Somalia og Solveig Hetland